



LESEKVART+

LESELYST I KLASSEROMMET

Handbok

For lærarar og skulebibliotekarar

stiftelsen
LESE

li/
LILLEHAMMER
BIBLIOTEK & LITTERATURHUS

Lesekvart+

Vidareutvikla for bruk på 5.-10. trinn
Ferdigstilt 2026

Camilla M. Brandt og Heidi I. Gorseth
Lillehammer Bibliotek

Nasjonal pilot utvikla av Stiftelsen LESE
2025

**Alt materiell finn du på
lillehammerbibliotek.no og stiftelsenlese.no**

Innhold

Innleiing - Lesekvart+	2
Gjennomføring av Lesekvart+	4
1. Planleggingsfasen	5
2. Introduksjonsfasen	7
3. Gjennomføringsfasen	9
4. Evalueringsfasen	11
Tiltak for å stimulere motivasjon	12
Om motivasjon for lesing	14
Tips til å finne rett bok til rett elev	17
Nøklar til godt samarbeid	18
Foreldresamarbeid	19
Resultat av arbeidet	20
Kjelder	22

LESELYST

LESEGLEDE

LESEMOTIVASJON

Lesekvart+ er ein metode for å utvide og systematisere den vanlege lesekvarten, slik at han skal nå alle elevar og skape auka leselyst over tid.

Metoden handlar om å forsterke stillelesing gjennom bruk av ulike leseaktivitetar og tilpassingar (på engelsk: Scaffolded Sustained Silent Reading). Dette er noko gruppa gjer saman, i motsetnad til å berre lese individuelt. Forskaren Simone Lysholt Greer løftar fram desse åtte suksessfaktorane for ein vellukka lesekvart:

1. **Tilgang til lesestoff.**
2. **Lesestoff som appellerer.** Tilpassa interesser og lesenivå.
3. **Omgivnadane.** Roleg og behageleg miljø.
4. **Oppmuntring og lesande rollemodellar.** Læraren må også lese.
5. **Etterutdanning eller kurs i lesekvartmetodikk for lærarar.**
6. **Lystlesing.** Lese for sin eigen del, ikkje for å løyse ei skuleoppgåve.
7. **Oppfølgande leseaktivitetar,** som løftar leseopplevinga ut av hovudet.
8. **Planlagd lesetid.** Til dømes 15-25 minutt kvar dag.

Lesekvart+ er ein metode med aktivitetar og verktøy til bruk i skulen, hovudsakleg på mellom- og ungdomstrinnet. Målet er at det som skjer i klasserommet under Lesekvart+, skal vere med på å stimulere og inspirere til lesing og leselyst. Grunnlaget for metoden er Greers suksessfaktorar. Det vert også lagt opp til eit samarbeid mellom skule og bibliotek som søker å gi støtte til læraren som skal gjennomføre lesekvartperiodar.

Det er ingen tvil om at arbeid med leselyst er eit viktig tiltak for å betre lesenivået og leseinteressa hos barn og ungdommar. Gjennom denne metoden får elevane oppleve fleire vegar inn i litteraturen, med aktivitetar som skal pirre motivasjonen, og som støttar opp under behovet for autonomi, kompetanse og samhøyr. Det skal bidra til kjensla av eit lesande fellesskap i klassen.

Ikkje minst vil det bidra til at det blir sett av tid til lesing, noko som igjen er ein konkret måte å vise elevane kor viktig lesekompetanse faktisk er for samfunnet.

Handboka er delt i to delar: først ein praktisk plan for gjennomføring av Lesekvart+ på dei grønne sidene, deretter nyttig teori om motivasjon og tips til gjennomføring på dei kvite sidene.

Lesekvart+ er eit prosjekt som vart starta av Lillehammer Bibliotek i 2024, med bakgrunn i den danske rapporten Lystlæsning i læsebånd - En håndbog til skoler og folkebibliotekers samarbejde om læsebånd (Lund, 2020). Det finst ein podkast på tre episodar som forklarar metodikken godt (lenkje i kjeldetilvisingane, Tænketanken Fremtidens biblioteker).

GJENNOMFØRINGA AV LESEKVART+

Vidare følgjer ein gjennomgang av korleis ein kan planleggje og gjennomføre ein periode med Lesekvart+. Her er det mogleg å gjere individuelle tilpassingar, både i samarbeidet mellom lærar og bibliotekar, og ved å bruke innspel og ønske frå elevane aktivt i planlegginga.

Lesekvart+ kan planleggjast for heile året, men vi tilrår å bruke minst tre månadar samanhengande på prosjektet. Det er viktig å bruke god tid for å gi alle elevane høve til å oppleve leselyst og meistring, også dei som treng litt tid.

I metoden ser vi føre oss fire fasar:



Tidsbruk

Planleggingsfasen: Tidsbruken er avhengig av kva behovet og moglegheita for samarbeid er. Det er lurt å bruke god tid.

Introduksjonsfasen: Éi veke, 3—4 skuletimar.

Gjennomføringsfasen: Minst tre månadar for å skape kontinuitet, gjerne lenger. Økter kvar dag, 15—60 minutt, avhengig av aktivitet.

Evalueringsfasen: Éi økt i klassen, eitt samarbeidsmøte på trinnet.

Vidare går vi gjennom fasane i detalj.



Prosjektleiar Eira Kluge under innspeling av digitale lærekurs for Lesekvart+

1. Planleggingsfasen



Lærarane gjer seg godt kjent med metoden ved å gjennomføre dei digitale kursa og les handboka og aktivitetshefte som er utvikla for Lesekvart+ prosjektet. Alt ligg på stiftelsenlese.no/lesekvart



Avtal kven som skal vere med på prosjektet og kor lang tid de vil bruke. Er det berre éin klasse / eitt trinn eller fleire trinn samtidig? Kan skulebiblioteket vere ope og bemanna samtidig som klassane har stillelesing, slik at elevane får byte bok når dei treng det? Planlegg saman på tvers av trinn for å unngå kollisjonar av bruk av skulebiblioteket.



Dei involverte lærarane på trinnet planlegg den komande perioden. Dei lagar ein vekeplan og vel ut aktuelle aktivitetar. Lesekvart+ fungerer best dersom det vert lagt opp til variasjon mellom stillelesing, leseaktivitetar og delingsaktivitetar i løpet av veka. Under finn du eit døme på vekeplanen som vart brukt i piloten. Tidsbruken varierer etter kva for aktivitet som er vald, men stillelesingsøktene bør vare i minst 15 minutt. Det vert også laga felles rammer for Lesekvart+ på trinnet.

Forslag til ukeplan

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
Stillelesing, notere i loggboka	Stillelesing, notere i loggboka	Delingsaktivitet	Stillelesing, notere i loggboka	Leseaktivitet, registrere på lesebarometeret



Lærarane avtalar tidspunkt for kickoff med dei involverte. Sjølve bokpraten kan gjennomførast av ein bibliotekar frå folkebiblioteket dersom det er avtala, av ein skulebibliotekar eller av ein lærar som er godt oppdatert på litteratur retta mot aldersgruppa. Det vert sett av tid til at kvar klasse får ein time på biblioteket så snart som mogleg etter kickoffen for å låne bøker medan inspirasjonen er fersk.



Ein skriv ut plakatar til klasserommet og les gjennom dei. Det er totalt fire plakatar: **Lover for lesekvarten, Eg er ein lesar, Vel bok ved å:** og **Leseopplevingar.** Meininga er å gi elevane noko visuelt i klasserommet som viser at lesing er i fokus.

Eg er ein lesar forklarar kvifor det er viktig å lese bøker og skal vere haldningsskapande. **Lover for lesekvarten** viser kva som er lov under lesekvarten. Dei to siste plakatanne er tips elevane kan bruke dersom det er vanskelig å finne bok.

LESEKVART+
LESEKVARTENS LOVER

- ✓ Det er lov å lese kva som helst på papir.
- ✓ Det er lov til å lyttelese innimellom papirlesinga etter avtale med lærar.
- ✓ Det er lov til å leggje bort ei bok og finna ei anna viss boka ikkje fengjer.
- ✓ Det er lov til å lese same bok, kapittel eller avsnitt fleire gonger.
- ✓ Det er lov til å velje seg ein god lesestad, etter avtale med lærar.

LESELYST
LESEGLEDE
LESEMOTIVASJON

STIPPLED LEST

LESEKVART+
EG ER EIN LESAR

- ✓ Eg er ein del av eit samfunn der tekst er viktig for all slags informasjon. Eg må kunne lese for å ta ei utdanning, forstå nyhende, kommunisere med andre og forstå offentleg informasjon.
- ✓ For å bli ein god lesar bør eg velje bøker eg likar og som er passe vanskelege. Det beste er å lese litt kvar dag.
- ✓ Dess meir eg les, dess lettare blir det å lese lengre og vanskelegare tekstar.
- ✓ Lesing kan gje meg tilgang på uendeleg med kunnskap og eg kan oppdaga, oppleve og forstå verda på nye måtar.

LESELYST
LESEGLEDE
LESEMOTIVASJON

STIPPLED LEST

LESEKVART+
VEL BOK VED Å:

- ✓ Følg interessene dine - les om noko som opptek deg.
- ✓ Gjer deg kjend på skulebiblioteket.
- ✓ Få boktips frå andre.
- ✓ Sjå på forsida og les baksida.
- ✓ Er du 13 år? Les tretten sider før du bestemmer deg. Tolv sider viss du er 12 år.
- ✓ Byt bok om ho ikkje fengjer.

LESELYST
LESEGLEDE
LESEMOTIVASJON

STIPPLED LEST

LESEKVART+
LESEOPPLEVINGAR

- ➔ **Å bli oppslukt og kunne drøyme meg inn i verda til boka** → Fantasy, Krim, Spenning
- ➔ **Å møte situasjonar eller personar som verkar kjende, og å lære noko om meg sjølv** → Realisme, Kverdegsliv, Norske forfatterar
- ➔ **Å lære noko om andre menneske, situasjonar eller stader** → Realisme, Faktabøker, Omsett
- ➔ **Å lese om noko forferdeleg, umoralsk eller forbode. Å få gåsehud, hjartebank, tårer eller grøssingar** → Spenning, Gress, Krim

LESELYST
LESEGLEDE
LESEMOTIVASJON

STIPPLED LEST



Rektor legg til rette for bruk av skulebiblioteket, og det vert sett rammer for bruken i fellesskap. Lesekvart+ fungerer best med eit bemanna og tilgjengeleg skulebibliotek. Slik får elevane enkel tilgang på bøker og ei kjensle av å vere godt kjende på skulebiblioteket sitt.



Skulebibliotekaren er med på å planleggje kickoff, og held av aktuelle bøker til bokprat og utlån.

2. Introduksjonsfasen



Læraren introduserer opplegget for klassen og set lesing på timeplanen. Elevane vert kjende med tidsramma for lesekvartperioden, mål for perioden og kva som vert forventa av elevane, i tillegg til at plakatane vert presenterte. Klassen diskuterer ulike motivasjonar for å lese og kvifor fritidslesing er bra.



Læraren gjennomfører ei undersøking i klassen der kvar elev sine lesepreferansar kjem fram. Bruk spørjeskjemaet **Mitt leselandskap**. I den første fasen skal alle elevane bli medvitne om sin eigen smak innan fritidsunderhaldning og omsetje det til nokre ønske for lesekvartperioden. Snakk om at denne undersøkinga vil vere til hjelp når dei skal velje seg bøker utover i perioden. Undersøkinga kan også fungere som eit utgangspunkt for rettleiing av lærar eller skulebibliotekar.



Kickoff vert gjennomført. Ein bibliotekar eller ein skulebibliotekar gjennomfører ein bokprat der ulike aktuelle bøker vert presenterte for klassen for å skape nysgjerrigheit og motivasjon. Deretter gjennomfører klassen ei boksmaking, der dei får minst éin time på skulebiblioteket. Vi har valt å kalle det ein kickoff fordi det skal gi prosjektperioden ein pangstart som skal bidra til ein positiv, inspirasjonsrik og fokusert oppstart. I tillegg viser det at lesing er prioritert og viktig. På neste side kan du lese ei detaljert skildring av gjennomføringa av kickoff.



Elevane får gjere seg kjende på skulebiblioteket, slik at dei enkelt finn bøker dei veit er i interessefeltet sitt. BokSmakinga vil bidra til det, eller læraren kan setje av tid til å gjennomføre lesespelet Boktråkk.



Føresette blir informert via utvalde kanalar, for eksempel ved infobrev og på foreldremøte. På stiftelsenlese.no finn du ein eigen foreldremøtefilm med tips til korleis føresette kan hjelpe til med å auke lesemotivasjonen hjå barn og unge, samt en brosjyre kalla Sju Gode Tips. Her er også Lesekvart+ metoden skildra kort. Begge delar handlar om korleis føresette kan bidra til å skape kultur for lesing og auka fokus på lesing heime. På s. 19 finn du fleire tips til involvering av føresette.



GJENNOMFØRING AV KICK-OFF

Bokprat

Ein bibliotekar, skulebibliotekar eller lærar held bokprat for klassane, der ulike bøker vert presenterte for å pirre nysgjerrigheita og for å gi inspirasjon. Ein bokprat varer i 15—30 minutt. Bokpraten kan gjennomførast i eit klasserom eller på skulebiblioteket dersom det er plass.

Om planlegging av bokprat

Dersom skulen har eit folkebibliotek i nærleiken, er nokre bibliotekarar opne for spørsmål om å halde ein bokprat på skulen. Ta kontakt for å undersøkje om det kan vere aktuelt. Det er også mogleg at ein skulebibliotekar eller ein lærar held bokpraten. Det bør gjerast av nokon som kjenner aldersgruppa og aktuell litteratur godt.

Bruk av PowerPoint eller liknande kan vere nyttig når ein lagar ein bokprat. Ein kan til dømes velje ut 5—6 bøker ein ønskjer å presentere, basert på alder, kva som er populært blant elevane og kva som treffer interessene deira. Kvar bok vert kort presentert. Ein bør også vise fram andre bøker som liknar (read-alikes), for dei elevane som allereie har lese boka.

METODAR FOR Å FORMIDLE BØKER

Når ein skal formidle ei bok, gjeld det å fange interessa til lesaren med så få ord som mogleg. Kva du vel å seie og korleis du vel å gjere det, bør vere tilpassa publikummet ditt. Tenk godt gjennom kven du snakkar til og kva som interesserer dei.

Her er eit par tips:

- Beskriv kjensla og stemninga i boka. Er ho skummel, koseleg eller spennande?
- Gi eit kort samandrag utan å avsløre for mykje. Legg vekt på det viktigaste og mest fengjande.
- Les eit spennande utdrag frå boka (Her er det viktig å øve godt på førehand).
- Vis ein video der forfattaren, ein bibliotekar e.l. snakkar om boka. Det ligg mange boktips på t.d. Youtube.
- Ha med boka og vis henne fram! Sjå på framsida saman.
- Snakk om read-alikes, bøker som har same tema, kjensle eller stemning.

BokSmaking

Kort tid etter bokpraten bør elevane få minst ein time på skulebiblioteket der dei gjennomfører BokSmaking. I aktivitetsheftet finn du ei skildring av metoden, slik han vart testa ut i piloten til prosjektet. Målet med BokSmaking er at elevane skal bruke det dei har lært om lesepreferansane sine frå Mitt leselandskap til å finne ei bok som treffer både interesse og lesenivå. Elevane vert samla til ein felles samtale der nettopp dette vert vektlagt, og der dei får en gjennomgang av kva som skal skje.

3. GJENNOMFØRINGSFASEN



Leseaktivitetane og delingsaktivitetane vert gjennomførte. Ein vekslar mellom stillelesing og andre lese- og deleaktivitetar for å skape motivasjon og engasjement. Det bidreg også til å skape ei fellesskapskjensle i klassen. Set av rom for å byte bøker når det er behov for det og ha bøker tilgjengeleg til kvar økt.



Gjer litt ekstra ut av slutten på veka, til dømes ved å bruke Lesebarometeret vårt. Dette synleggjer kor mykje elevane faktisk har fått lese. Les meir om lesebarometeret vårt i aktivitetsheftet.



Døme på lesebarometer

ERFARING MED LESEVAROMETERET VÅRT

Pilotskulen gav tilbakemelding på at Lesebarometeret vårt fungerte godt for motivasjonen i klassane. Dei valde å føre loggbok under stillelesinga, før dei sette av litt ekstra tid på fredagane til å telje opp kor mange sider elevane las kvar veke. Det vart ikkje gjort til ein konkurranse, men til noko dei presterte i fellesskap. Dei gjennomførte i tillegg ein leseaktivitet den dagen, som ei morosam avslutning på veka.



Ein skulebibliotekar eller lærar gjennomfører nye bokpratar for vidare inspirasjon. Bokutvalet er basert på elevane sine interesser og bøker som liknar på det dei allereie har lese. Det ligg lenkjer til bokvideoar til fri bruk i aktivitetshæftet.



Set gjerne av ein dag i løpet av perioden som de kallar Den store lesedagen. Aktiviteten er skildra i aktivitetshæftet, og det er forslag til ein heil dag med lesing og leseaktivitetar. Det kan gjerast på kvart enkelt trinn, eller som ein felles dag for heile skulen.

TIPS TIL PRAKTISK GJENNOMFØRING AV EI ØKT MED LESEKVART

- Marker tida tydeleg på timeplanen
- Sørg for at alle veit kva dei vil lese, og at dei har boka klar (Det sørgjer ein for gjennom introaktivitetar).
- Ha ein tidsmarkør i rommet.
- Start kvar lesekvart med å skildre dagens aktivitet (stillelesing eller leseaktivitet), før ein tel ned til felles start.
- Marker at tida er over med å seia at no må de lese til punktum og leggje boka på plass.

LESEKVART ER EIN
MENNESKERETT

Elev 10. trinn Smestad skole

4. EVALUERINGSFASEN



Læraren evaluerer prosjektperioden med klassen. Det kan gjerast gjennom ein felles samtale i klassen, i grupper eller individuelt, til dømes ved bruk av loggboka. Evalueringa bør samanfattast i eit skriftleg dokument med ei vurdering av måloppnåing, kva som har fungert godt, og forbettringsområde.



Lærarkollegiet evaluerer prosjektperioden på same måte som med elevane. Inkluder alle lærarar som har vore involvert i prosjektet, og som har gjennomført økter i lesekvarten. Også denne evalueringa bør samanfattast i eit skriftleg dokument til vidare bruk.

Spørsmål til bruk i evalueringa

Med klassen:

- Har du merka nokon endringar i lesevanane dine?
- Kva har vore den beste opplevinga di i lesekvart?
- Kva har ikkje vore så bra med lesekvart?
- Kva kunne vore gjort annleis?
- Har du blitt meir glad i å lese?

I lærarkollegeiet:

- Kva for aktivitetar har fungert godt i lesekvart?
- Kva kunne vore gjort annleis?
- Oppfattar de at prosjektet har endra elevane sine lesevanar?
- Har prosjektet bidrege til meir motivasjon og leseglede?
- Korleis har ulike elevar respondert på metoden?
- Korleis har samarbeidet i kollegiet fungert?
- Korleis har samarbeidet med biblioteket fungert?

Tiltak for å stimulere motivasjon

Involver elevane

Suksess under Lesekvart+ er avhengig av om elevane likar det og om dei engasjerer seg. La elevane vere med på å velje litteratur og å planleggje leseaktivitetar. Støtt opp under kjensla deira av autonomi.

Lesande rollemodellar

Den vaksne skal gå føre som eit godt døme. Legg vekk PC og andre oppgåver og les sjølv. Ta med avisa frå lærarrommet eller nyt ei god bok.

Tilgang til bøker

Elevane må kunne velje mellom fleire bøker, og det er viktig at dei sjølve er med på å bestemme kva for litteratur dei skal lese. Dei elevane som ikkje har ein innarbeidd lesekultur, kan oppleve det å velje bok som vanskeleg og vil trenge støtte og rettleiing.

ERFARINGAR OM TILGANG PÅ BØKER

Det er ein fordel at skulebiblioteket er ope og bemanna i stillelesingstida, slik at elevane får høve til å byte bøker når dei treng det. Pilotskulen prioriterte å ha ein skulebiblioteksansvarleg til stades på skulebiblioteket medan klassane hadde Lesekvart+. Slik kunne elevane også få rettleiing dersom dei trong det. Dette tilsvara ca. ein halvtime ope bibliotek på starten av kvar dag. Alle klassane hadde Lesekvart+ samtidig, og dei hadde ein avtale om å berre sende to elevar frå kvar klasse om gongen for å unngå trengsel.

Eit oppdatert skulebibliotek med godt utval av nyare, variert litteratur var også viktig. I same periode som piloten vart gjennomført, fekk skulebiblioteket på pilotskulen seg ei større oppgradering, både av sjølve rommet og av litteraturen. Ein kasserte gamle bøker, og fylte på med bøker, både frå eige innkjøp og av kulturfondbøker.

Lyttelesing er god lesing

Mange elevar likar lydbøker, og nokon treng lydbøker for å få tak i dei gode forteljingane. Ver medviten om korleis lydbøker vert brukte i lesekvarten, og sørg for tilgang til lydbøker. Særleg viktig er det at elevar med lesevanskar får støtte til å ta i bruk hjelpemiddel.

Gi tid til lesing

Når de planlegg ein periode med Lesekvart+, sørgjer de for å bringe lystlesinga inn på timeplanen. Dermed viser de at lesing er viktig sjølv om det er mykje anna ein skal rekke i ein skulekvardag. De legg til rette for lesinga.

Varier omgivnadane

Vanlegvis går lesekvarten føre seg i klasserommet der elevane sit ved pultane sine. Det er også mogleg å bruke andre rom på skulen og appellere til heile den lesande kroppen.

Skap dialog om lesinga

Når elevar samtalar om det dei har lese, set dei ord på opplevinga si. Dermed aukar forståinga. Samtidig får dei ein lyttande partner, og dermed blir lesinga ikkje lenger berre ei individuell oppleving.

Skap rom for formidling av leseopplevinga

Leseopplevinga blir felles når eleven formidlar henne. Dei kan formidle munnleg, skriftleg eller via visuelle og auditive medium. Skulen og biblioteket kan dele og skape rammer for dei ferdige formidlingsprodukta. For å støtte opp om eleven sin autonomi og oppleving av lyst, må elevane få oppleve at delinga er noko dei sjølve har kontroll over og lyst til å gjere, og ikkje som ein test.

Elevar i ulike leseaktivitetar



OM MOTIVASJON FOR LESING

Eit av måla med prosjektet er at elevane sjølve skal finne ei innvendig drivkraft for lesing.

Det finst mange gode argument for lesing: lesing kan vere både hyggjeleg og nyttig, og likar ein å lese, er det lettare å forstå samfunnet rundt seg. Det vil også bidra til at utdanningsløpet kjennest meir overkomeleg. I tillegg er lesing eit godt alternativ til alle dei raske stimuliane ein elles vert utsette for i livet, og det bidreg til å trene opp konsentrasjonsevna.


Men det er ikkje alle elevar som forstår fordelane ved lesing heilt av seg sjølve. Ikkje alle er vane med å lese, og det er ikkje alle som ser på seg sjølv som ein lesar. Lesekvart+ er eit høve til å motivere alle elevane til å lese, og perioden skal bidra til at kvar enkelt elev finn fram til sin lesemotivasjon. Ein kan ikkje jobbe med lesemotivasjonen til ei heil gruppe utan å jobbe med den einskilde eleven sin lesemotivasjon.

Leselyst oppstår når ein elev er ivrig og engasjert = motivert.

Det følgjande avsnittet dreier seg om dei elevane som opplever lese-ulyst, dei som er avvisande til lesing, er motvillige og uengasjerte = demotiverte.

Ved lesekvart kan desse elevane motarbeide heile aktiviteten eller finne metodar for å kome seg gjennom lesekvarten utan å lese. Nokre elevar er gode til å late som om dei les, medan dei passar på å bla i riktig tempo, eller dei brukar opp lesetida på å gå på do eller leite etter ei bok.

Nyare motivasjonsforskning gir ei betre forståing for kva mekanismar ein har å jobbe med, og det er noko både lærarar og bibliotekarar kan ta i bruk i dette prosjektet for å skape motivasjon for lesing.



Når alle desse tre behova er støtta, vil eleven oppleve motivasjon. Når eleven opplever behova som motarbeidde, blir eleven demotivert. Du som er rundt eleven, kan vere med på å påverke dette.

Motivasjon kan vise seg i ulike former, basert på kva som fremjar motivasjonen og kva form påverknaden til å gjere ein aktivitet tek:

Ytre motivasjon (ekstrinsisk motivasjon)

Eleven handlar basert på eksterne forventningar og verdier (frå læraren, bibliotekaren eller føresette). Eleven opplever at dei tre motivasjonsbehova er motarbeidde. Når hen likevel gjennomfører, er det for å oppnå ein premie, unngå ein sanksjon, fordi hen bør, eller for å unngå skuld og skam. Det vert ikkje opplevd som sjølvvalt, og det kan kome i konflikt med egne verdier og meiningar.

Internalisering

Eleven opplever påverknad utanfrå som framleis motarbeider dei tre behova i starten, men etter kvart vil eleven oppleve det som at påverknaden støttar behova for autonomi, kompetanse og samhör. Eleven godtek gradvis handlinga, og forstår betydninga og potensialet av henne. Eleven opplever at aktiviteten blir eit eige medvite val, at han har verdi og kjennest både viktig og riktig.

Indre motivasjon (intrinsisk motivasjon)

Forventningane og verdiane frå omverda har blitt eleven sine egne. Eleven har tilpassa seg og gjennomfører fordi hen sjølv vil, og det kjennest naturleg i fellesskapet. Når elevane har indre motivasjon, kan dei gjennomføre aktiviteten med energi, engasjement og uthald.

Når ein rettleier elevane under Lesekvart+, er det ønskjeleg at ein hjelper dei elevane som i starten gjennomfører leseaktivitetar med ekstern motivasjon og leseulyst, slik at dei gradvis opplever meir og meir intern motivasjon og leseulyst. Dette kan gjerast ved å ta i bruk aktivitetar og metodar som støttar elevane sine tre motivasjonsbehov.

Å støtte eleven sin autonomi


Eleven skal velje bok sjølv. Dette er ikkje noko som er naturleg for alle å gjere, og det kan dermed vere tilfeldig kva dei vel. Difor er det å velje riktig bok noko elevane skal bli medvitne om og lære i introduksjonsfasen til perioden med Lesekvart+. Det skal også vere lov å leggje vekk ei bok eleven har valt dersom ho ikkje fengjer eleven. Målet er at alle elevar utviklar eit medvit rundt kva dei likar, slik at dei sjølve etter kvart veit korleis dei finn ei reelt fengjande bok. Dei skal utvikle sine egne strategiar for å ta gode bokval.

ERFARINGAR OM AUTONOMI

Det er viktig at elevane får velje bøker sjølve. I den eine pilotklassen testa vi det å ha teikneseriar som eit felles tema som utgangspunkt inn i Lesekvart+. I den andre klassen fekk elevane velje bøker fritt heilt frå start. Vi såg større motstand og lese-ulyst i starten i den klassen som hadde eit bestemt tema. Eit av hovudprinsippa for Lesekvart+ er nettopp at elevane skal få velje litteratur fritt ut ifrå interessene sine.

Å støtte kompetansen til eleven

Dersom eleven opplever lesekompetansen sin som utilstrekkeleg, eller opplever seg underlegen i klassen, vil eleven mest sannsynleg ikkje få ei god leseoppleving, og eleven vil oppleve Lesekvart+ som vanskeleg. Lærar og bibliotekar skal rettleie elevane til å finne bøker som passar lesenivået og leseferdigheitene, utan at det går utover elevens interesse eller integritet. Difor er det viktig å ha nok materiell tilgjengeleg, og at det tilgjengelege materialet er tilpassa elevens kognitive nivå. Elevane må få opplæring i å finne fram på biblioteket, slik at dei veit kvar dei finn sjangrane som interesserer dei. I Lesekvart+ skal det ikkje vere mogleg å bli "best i klassen". Dermed må rammene leggjast slik at det ikkje er grunn til å samanlikne lesenivå. Perioden skal heller ikkje følgjast opp av prøver, målingar eller presentasjonar (presentasjonar kan vere ein mogleg aktivitet for dei elevane som vert motiverte av å fortelje andre om boka). Målet er at elevane skal utvikle eit positivt syn på eigen og andre sin lesekompetanse. Det skal leggjast til rette for at elevar som har behov for det, får bruke hjelpemiddel.



Å støtte eleven sitt behov for å høyre til

I eit klasserom er fellesskapet valt for eleven, og det er ikkje mogleg for dei å velje det vekk. Dermed er det ekstra viktig at det vert sett tydelege rammer som gjer fellesskapet trygt og givande for alle. I eit klasserom vert det sett tydelege rammer heile tida, og lærarar er godt drivne i dette. Dette avsnittet er likevel med ettersom Lesekvart+ vert gjennomført i fleire fag, og det kan vere fordelaktig for elevane dersom alle lærarane med økter i Lesekvart+, set dei same rammene.

Forventningane til kvar enkelt må synleggjerast og tydeleggjerast, og det må vere ei felles forståing for korleis ein agerer i lesefellesskapet. Lærarane må einast om kva som vert forventa av oppførsel under dei ulike aktivitetane, som stillelesing, andre leseaktivitetar og delingsaktivitetar. Før økta vert elevane fortalde kva type aktivitet dei skal gjennomføre og kva oppførsel som er forventa til denne aktiviteten.

Starten på økta vert tydeleg markert, til dømes ved å telje ned til lesestart. All denne tydelegheita skal formidlast på ein måte som kjennest trygg for elevane, der dei får oppleve interesserte og motiverte vaksne, og at dei er ein del av eit lesande fellesskap. Dei skal få oppleve glede ved å dele leseopplevingar.

Heimane kan trekkast inn i arbeidet med Lesekvart+, slik at dei også vert ein del av lesefellesskapet. Då er det viktig at dei føresette er informerte og motiverte. Tips til å involvere dei føresette står på s. 19.

TIPS TIL Å FINNE RETT BOK TIL RETT ELEV

Å finne rett bok er ei personleg oppgåve. Alle menneske har ulike interesser og ulike behov, og alle er i ulik utvikling. Skal ein bli ein god lesar, må ein øve på å lese. Les glede kjem som nemnt når ein les ei bok som interesserer og som er på riktig lesenivå. Det må kome tydeleg fram for eleven.

Læraren og skulebibliotekaren får her ei viktig rolle som rettleiarar. Å snakke med eleven er den beste måten å hjelpe hen på. Vis oppriktig interesse og omtanke for eleven sine ønske. Målet for samtalen må vere tydeleg for dei: å finne ei bok ein sjølv ønskjer å lese, som ein likar og meistrar.

Finn ut kva eleven er interessert i:

- Kva likar du å lese om?
- Kva er favorittboka di til no?
- Kva likar du å gjere på fritida?
- Kva likar du å gjere på skulen?
- Kva interesserer deg?

Finn ut kva eleven kan meistre:

- Kva slags bok las du sist?
- Synest du det er best å lese bøker med bilde i?
- Har skriftstorleiken noko å seie?
- Kor tjukk tenkjer du at boka kan vere?
- Synest du det er best når boka er inndelt i kapittel?

Dersom du kjenner ungdomens lesefart, legg du det til i vurderinga. Ved oppstarten av Lesekvart+ tilrår vi at heile klassen fyller ut undersøkinga Mitt leselandskap. Denne undersøkinga tek utgangspunkt i mange av dei same spørsmåla som er nemnde over. Det vil vere med på å gjere eleven sjølv medviten om sine eigne interesser og preferansar, og kan gjere ein rettleiingsamtale enklare.

Finn fram eit utval bøker som du trur kan vere passande basert på det de har snakka om, og fortel ungdommen om dei. La eleven sjå på framsida, lese på baksida og bla i bøkene. Gi dei deretter høve til å velje: er det nokon av desse bøkene du vil prøve deg på? Dersom eleven framleis er usikker, kan du gi eleven høve til å lese nokre sider og danne seg eit inntrykk, før eleven sjølv vel ei bok å låne med seg. Dette blir ei form for mini-BokSmaking, som du kan lese meir om i aktivitetshæftet.

NØKLAR TIL GODT SAMARBEID

Lesekvart+ starta i utgangspunktet som eit prosjekt der bibliotekarar frå Lillehammer folkebibliotek tok kontakt med lærarane og rektoren på pilotskulen for å starte eit samarbeid. Ganske raskt fekk vi også skulekontoret med på laget. Eit slikt samarbeid kan også komme i gang ved at skulen tek kontakt med folkebiblioteket sitt.

Få med alle

Det som er tydeleg, er at ein jobbar betre og stiller sterkare i arbeidet med leselyst dersom ein har fleire samarbeidspartnarar. Læraren sitt arbeid med Lesekvart+ i klasserommet bør ha rektor og skuleleiinga i ryggen. I tillegg fungerer det best dersom alle lærarane på trinnet er positive til prosjektet og er involverte. Det er viktig at Lesekvart+ er forstått og gir meining for lærarane som får det lagt til sine timar, og dei har fått vore med på å samarbeidd om å utvikle felles rammer.

Vi kan lære av kvarandre

Både lærarar og (skule)bibliotekarar sit med mykje fagkunnskap som kan kombinerast i arbeidet med leselyst.

- Lær av bibliotekaren: Bibliotekaren er eit inspirerende, nytt fjes utanfrå som tilbyr litterær fagkunnskap, brei formidlingserfaring og som kan gi skulane rettleiing til dei rette bøkene.
- Lær av læraren: Samarbeidet med læraren gir bibliotekaren innsikt i lesepreferansane til elevane. Læraren kjenner klassen og skulens struktur, og har brei erfaring med planlegging og gjennomføring av faglege opplegg.
- Lær av kvarandre: Snakk saman og skreddarsy eit opplegg for den aktuelle klassen/skulen.

Det fungerer godt å ha ein fast kontaktperson på skulen og på folkebiblioteket som kan ha tett kontakt.

Lesekvart+ vil også fungere godt utan eit folkebibliotek i ryggen dersom skulen har eit godt ivaretatt skulebibliotek og ein engasjert skulebibliotekar som er involvert i perioden.

FORELDRESAMARBEID

For å skape eit fullstendig lesande fellesskap for elevane, vil det vere naturleg å involvere dei føresette. Under er det nokre tips til korleis ein kan inkludere dei.

Foreldremøte med infofilm

Set av tid til å presentere Lesekvart+ på foreldremøte og gjer måla og hensikta med det tydeleg for dei. Vis foreldremøtefilmen. Her er det gode tips til kva foreldra sjølve kan gjere for å støtte opp om prosjektet. Oppfordre foreldra til å vere lesande forbilde. Inviter gjerne ein bibliotekar til å gjennomføre bokprat for foreldra, eller gjennomfør Sit og lytt.

Sit og lytt

Sit og lytt på foreldremøte. Foreldra får oppleve høgtlesing ved at læraren eller bibliotekaren les høgt frå ei bok. Tidsbruk: ca. 15 minutt.

Foreldrekveld

Elevar og foreldre vert inviterte til ein kveld på skulen der ein diskuterer lesing og lesekultur. Metoden IGP(l)² er ein fin metode å bruke for å inkludere alle. Målet med ein slik kveld er å gjere alle medvitne om sin lesekultur, vere haldningsskapande og skape eit lesefellesskap med heimane.

Infobrev

Skulen sender ut eit infobrev i forkant av lesekvartperioden, der dei føresette vert informerte om Lesekvart+. Bruk gjerne brosjyren Sju gode tips som følgjer med materiellet.

Lesebingo saman med føresette

Inkluder foreldra i lesebingo. La nokre av oppgåvene vere eit samarbeid mellom elev og føresett, eller gi dei føresette sin eigen bingo.

Nyheitsbrev eller avis

Læraren eller elevane lagar eit nyheitsbrev i løpet av lesekvartperioden. Her kan ein inkludere boktips frå elevane, informasjon om kva sjangrar som slår an og aktivitetar dei har gjennomført. Lesebingo og lesestatistikk kan også vere med, i tillegg til nyheiter om eventuelle bibliotek- og forfatterbesøk.



ERFARINGAR MED Å INVOLVERE FØRESETTE

I piloten var ein bibliotekar frå folkebiblioteket med på eit foreldremøte på 9. trinn, der ho fortalde om prosjektet og korleis skulen kom til å bli involvert. På 10. trinn vart informasjonen om prosjektet delt av læraren sjølv. Begge delar introduserte dei føresette for prosjektet, og dei fungerte like godt. På begge foreldremøta vart filmen «Hva leste du sist», av Innlandet Fylkesbibliotek, vist. Lenkje i kompendiet.

2: Skildring av IGP(l) se: <https://www.ks.no/fagomrader/barn-og-unge/ks-led/metoder-og-verktoy/igpi/>

RESULTAT AV ARBEIDET

I denne handboka har vi henta mykje av inspirasjonen, metodikken og verdiane frå forskingsprosjektet «Lyst til læsebånd i hele landet».

Det danske prosjektet hadde imponerende resultat, og det var også eit mål for arbeidet med Lesekvart+. I Danmark lukkast dei med:

- Å få mange elevar til å oppleve lesekvarten på nye og meir appellerande måtar, blant anna ved å skape lesestimulerande rammer, gi inspirasjon til val av bøker via bokprat, BokSmaking og andre formidlingskonsept, og å få elevane til å dele leseopplevingane sine med kvarandre.
- Å utvikle biblioteka sine skuleretta formidlingsaktivitetar ved å ta utgangspunkt i den kjende skulepraksisen lesekvarten.
- Å utvikle og styrkje det tverrfaglege samarbeidet mellom lærarar og bibliotekmedarbeidarar gjennom dialog, nysgjerrigheit og felles utvikling av aktivitetar som er tilpassa lokale kontekstar.

Etter gjennomføringa av pilotar i 2024 og 2025, sit vi igjen med mange gode erfaringar som vi har tatt med oss inn i revideringa av prosjektet.

Etter evalueringa av perioden har vi sett at:

- elevane har blitt meir medvitne om sine egne lesepreferansar, både når det gjeld type litteratur og korleis dei føretrekk å ha omgivnadane.
- elevane har blitt meir medvitne om kvifor lesing er viktig, også for framtida.
- elevane har lært seg strategiar for å finne litteratur som møter interessefeltet og lesekompetansen deira.
- elevane har blitt godt kjende med skulebiblioteket, og dei veit kvar dei finn "sine" bøker.
- elevane har fått betre leseuthald.
- elevane er generelt meir motiverte for lesing.

På neste side har vi laga ein liste med suksesskriterium.

Lukke til med Lesekvart+!

Måtte de få mange gode leseopplevingar og eit flott lesefellesskap.

Suksesskriterium

- Lesing kvar dag
- Lesing på timeplanen
- Alle er leselærarar, lesing i alle fag
- Dei vaksne er gode lesemodellar
- Leseaktivitetar (dele, setje ord på)
- Tilgang på gode bøker
- Bemanna bibliotek med vaksne som kan bøker for aldersgruppa
- Tilgang på ulike sjangrar
- Individuell leselogg
- Lesebarometer, synleg motivasjon

GOD LESING!

Kjelder

Meir å lese/informasjon henta frå:

- Brok, L. S. & Geer, S. L. (2018) Stillelæsning - Hvad viser international forskning? Nationalt Videncenter for Læsning, https://videnomlaesning.dk/media/2659/stillelaesning_hvad-viser-i-nternational-forskning-gdf
- Lund, H. R., Hannibal, S. og Vestergaard, L. (2020) Lystlæsning i læsebånd: En håndbog til skoler og folkebibliotekers samarbejde om læsebånd. Tænk tanken Fremtidens Biblioteker. http://www.fremtidensbiblioteker.dk/uploads/website/gdf2/HndbogSamleoP-Sla_gf1P-df